



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.03.2024

Vår ref:

2024/3858

Dykkar dato:

05.03.2024

Dykkar ref:

202403713

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om avvik frå manøvreringsreglementet for Trollavatnet i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren konstaterer at senking av vasstanden i Trollavatnet under lågaste regulerte vasstand (LRV) som er fastsett for sommarperioden, vil vere negativt for turopplevinga frå stien mellom Lunde og Fjærland. Vi legg til grunn at nedtapping og oppfylling skjer slik at ulempa blir så liten som mogleg.

Vi viser til høyringa av søknad om mellombels å kunne senke vasstanden i Trollavatnet ned mot LRV (kote 968.4) i perioden med fastsett sommar-LRV (kote 999,9).

Tiltaket er nødvendig for å kunne stette krav i damsikkerheitsforskrifta om å utføre nødvendig tilsyn på hovuddam og sperredam. Det må akseptierast noko mellombels ulempe for allmenne interesser, men eventuell negativ påverknad bør minimerast så langt som råd.

Trollavatnet ligg i eit svært viktig friluftsområde, nær Jostedalsbreen nasjonalpark. Den populære turstien opp Lundaskaret går forbi vatnet, og det er omtalt i søknaden at turopplevinga vil bli negativt påverka av at reguleringssona blir tørrlagt i årets tursesong. Dette ser ut til å vere ein uunngåeleg konsekvens av krava i sikkerheitsforskrifta for reguleringsdammar. Vi legg til grunn at nedtapping og oppfylling skjer slik at ulempa blir så liten som mogleg.

Sidan saka berre er på avgrensa høyring, vil vi påpeike at turinteressene og lokal næringsverksemd nytt til turstien forbi Trollavatnet må informierast om nedtappinga.

Utover dette har vi ikkje merknader til søknaden.

Med helsing

Halvor Røssum
rådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Kopi til:

Sunnfjord kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 338

Postboks 7900

6802

5020

FØRDE

BERGEN